



I fyrste omgang vil 3 firma frå Uskedalen og eitt frå Omvikdalen etablere seg på Børnes, opplyser Jarle Fosshem i kommunen til uskedalen.no.

Det betyr at det endeleg vert større fart i utnyttinga av næringsarealet som har vore lite utnytta i mange år men som av mange vert karakterisert som ideelt til føremålet

Dei 4 har kvar meldt behov for rundt rekna 2 mål .

Det fyrste som skjer no er at firmaet Prosjektkonsult utarbeider eit anbudsgrunnlag for opparbeidinga av tomtene med veg, vatn og kloakk, noko som skal skje før ferien

Allereie i august i fjor vedtok formannskapet at kommunen skal byggja infrastruktur inn i området og at kostnadane ved dette på førehand skal dekkjast ved tomtesalet. Prisen vart fastsett til 130 kroner pr. kvadratmeter.

På den etablerte delen av området og fram til fylkesvegen er det

att rundt rekna 20 mål som er regulert til industri men ikkje lagt til rette for det.

Det heiter i formannskapsvedtaket at dersom det er fleire kjøparar, går det aktuelle areal til høgstbydande. Hvis arealet ikkje er starta opp innan 4 år kan kommunen kjøpa det attende til same pris.

Av Ola Matti Mathisen